

Innspel til NVE etter befarung i Røldal

Takk for at denne prosessen gjer det mogeleg å spela inn faktorar som så langt har vore lite belyst i høyringsrundane. Eg vil særleg løfta fram kulturarv, jordbruk, reiseliv friluftsliv, samt viktige miljøkonsekvensar som følgje av planane.

I tilbakemeldingane til innspela står at to personar har spelt inn behov for tunnelar og rasoverbygg i Valdalen. Eg veit om fleire som har sendt dette inn skriftleg.

NVE må vere klar over at problema i Valdalen er så omfattande at ein kunne skrive ei heil bok om dei. Det er utfordrande å skrive korte utdrag, derfor har folk fordelt ulike problemstillingar i sine innspel for å skape breidde. Eg håpar ikkje talet på innspel vert tillagt større vekt enn heilskapen i dei samla merknadene

Kulturarv og stølstradisjon

Tema landbruk er ikkje belyst i miljørapporten i det heile.

Stølskulturen i Noreg og Sverige har UNESCO-status og er ein viktig del av vår felles kulturarv. Denne arven må inkluderast i revisjon og konsesjonshandsaming.

Ved tidlegare utbygging har kulturarv gått tapt – berre i Valdalen forsvann 17 stølar ved neddemminga, og Røldal ysteri måtte leggest ned. I dag finst det unge menneske som ynskjer å satse på ny stølsdrift og dyrking i Valdalen, men uvisse om tilkomst og framtidige inngrep gjer det vanskeleg å realisera desse planane.

Valdalen – tilkomst, ferdsel og trafikk

Som representant frå DNT peika på under befarunga, vil trafikken gjennom Valdalen auke i åra framover. Det er avgjerande å sikre trygg, farbar veg både for gåande og køyretøy.

Innerst i Valdalen ligg ein helikopter-landingsplass som er mykje brukt til transport inn på vidda, til dømes ved vedlikehald av bygningar og i forbindelse med jakt og fiske. Ny informasjon etter førre høyringsfrist er at Klima- og miljødepartementet meiner det har vore ein for liberal praksis for helikopterbruk på Hardangervidda, departementet varslar innstramming.

Når dette skjer, vil vintertrafikken med snøskuter over Valdalsisen auke. Dette understrekar ytterlegare behovet for trygg tilkomst.

Valdalen har alt gått tapt som vinterleg turmål etter utbygginga. Før neddemminga var dette det mest brukte skiterrenget for både bygdefolk og tilreisande. Folk frå Haugesund og Stavanger kom jamleg til turisthytta i Valdalen, særleg i påsken. I dag er området prega av usikker is og fare, og *folk har vorte fortrengde til nærliggande område*. Votna er no det viktigaste og mest brukte alternativet for skiturar.

Votna - Den ultimate skituren

Dersom pumpekraftverket vert etablert i Votnamagasinet, vil også dette tradisjonsrike skiområdet gå tapt. Ein særskild tradisjon som står i fare, er den såkalla *“Rundt nuten”-skituren* (rundt Fjetlandsnuten). Denne turen har djupe røter både blant bygdefolk og tilreisande. Før heilårsvegen over Haukeli kom, gjekk folk på tur frå Røldal via Austmannalia til Votna, vidare over fjellet og ned Blåbergdalen/Austmannabekken, via Nyastøl og Grydalen til Tveitlia og heilt ned til Røldalsvatnet.

I nyare tid startar denne turen frå Svandalsflona, med kryssing over Votna før ein følgjer den gamle ruta. Turen har ein særprega kvalitet: Meir nedkøyring enn oppstigning, noko som er sjeldan utan bruk av skitrekk. Dette har gjort turen til eit unikt og populært rundturlbod i mange generasjonar.

Tradisjonen viser seg spesielt i påskeveka, då turen er eit naturleg møtepunkt for bygdefolk og utflytta røldølingar. På toppen før nedfart, ved stølsmiljøa ved Nyastøl og i Grydalen er det sosiale stopp undervegs. Røldal idrettslaget har fleire gonger preparert løype heilt frå Røldal kraftstasjon til Votna.

Hydro/Lyse har sjølv opplyst at dersom Votna vert regulert som pumpekraftverk, vil isen bli ubrukeleg. Konsekvensen er at denne viktige skitradisjonen forsvinn, og allmennheita mister eit særmerkt og kulturelt viktig friluftsområde, Røldal mister i tillegg ein sosial møteplass. Eventuelle nye trasear vil verta lengre og mykje meir krevande, det blir for langt for barnefamiliar / pulk. Med både Valdalen og Votna borte, står bygda og regionen att utan dei sentrale arenaene for vinterleg friluftsliv som har vore levande i generasjonar.



“Rund nuten”: På toppen, - før nedfart, er alltid eit sosialt møtepunkt



Tradisjonell påske "rundt nuten" Foto rfå Grydalen, før siste nedoverbakke i Tveitlia. Turen fungerer som ein sosial arena. Ungdomane i bygda går i lag, legg planar for kvelden, påskefesten er alt i gang.

Spørsmål

Brot på konsesjonsvilkår

Konsesjonen frå 1962 slo fast at areal som ikkje vart lagt under vatn, skulle kunne brukast som før. Korleis meiner NVE at dette kan vere oppfylt når det ikkje finst trygg tilkomst til Valldalen i store delar av året?

Reiseliv og friluftsliv

Valldalen er dokumentert med A-verdi for friluftsliv, og DNT planlegg å kanalisere meir trafikk gjennom området. Hydro–Lyse skildrar sjølv i miljørapporten sin Valldalen som ein innfallsport til Hardangervidda, med A-verdi for friluftsliv – men *utan at det blir føreslått eitt einaste tiltak for trygg tilkomst vinterstid*. Vil NVE stille konkrete krav til Hydro Lyse om heilårsveg, trygg tilkomst med rasoverbygg og tunellar?

Historiske manglar

Stortinget har sjølv peikt på at utbygginga skjedde i ei tid utan miljøkrav. Vil NVE nytte revisjonen til å rette opp i dette etterslepet, slik at allmenta får trygg tilgang til området heile året?

Korleis vil NVE i revisjonen sikre at Valldalen sin stølskultur og framtidige moglegheiter for drift ikkje vert svekka, men tvert imot får vilkår til å utviklast – sett i lys av at 17 stolar alt gjekk tapt ved førre utbygging?

Avslutting

Som fagdirektorat har NVE eit særleg ansvar for å sjå til at revisjonen ikkje berre tek omsyn til energiproduksjon, men òg til natur, friluftsliv landbruk og lokalsamfunn.

Planane om nye kraftverk i Røldalsområdet har store konsekvensar som ikkje berre handlar om naturinngrep, men også om tap av kulturarv, friluftsliv og levande bygdekultur. Eg ber NVE ta omsyn til desse momenta i si vidare handsaming av søknadene.

Med vennleg helsing

Åse Mathisen Rabbe, privatperson